

# PLANERINGSFELT

GBnr. 42/1 og 42/3



Figur 1: Illustrasjon av planeringsfelt

**OSTERØY**  
**ENTREPRENØR AS**

Beskrivelse av planeringsfelt GBnr. 42/1 og 42/3

Osterøy Entreprenør AS 18.11.2022

---

## Innhald


1.0	Skildring av tiltaket .....	3
1.1	Føremål.....	3
1.2	Massar .....	3
1.3	Utføring/metode .....	4
2.0	Skildring av området .....	5
2.1	Reguleringsstatus .....	5
2.2	Kulturminne .....	5
2.3	Natur og dyreliv .....	5
2.4	Vassvegar .....	6

## 1.0 Skildring av tiltaket

Det er planlagt eit planeringsfelt på GBnr. 42/1 og 42/3 i samband med utbygginga av Espevoll Næringsområde.

### 1.1 Føremål

Føremålet med tiltaket er å etablere fylldyrka jord egna for maskinelt jordbruk på GBnr. 42/1 og 42/3.



Figur 2: AR5 kartgrunnlag

Bilete viser dei ulike arealressursane som finnast innan tiltaksområdet. Dette er henta frå kartgrunnlag «AR5».

- Lys gul farge er innmarksbeite
- Grønn farge er skog
- Mørk gul farge er overflatedyrka jord

Føremålet med tiltaket er at alt areal aust for anleggsvegane skal verte fylldyrka jord ved ferdigstillelse.

### 1.2 Massar

Massane som skal nyttast i planeringsarbeidet er henta frå Espevoll Næringsområde i samband med utbygging av dette området. Ein vil på denne måten nytta overskots jord til å fremma landbruket i nærområdet. Dette er i tråd med planføresegnene for Espevoll Næringsområde:

«2.2.5. Ved søknad om løyve til tiltak skal det dokumenterast, med løyve frå landbruksetaten i kommunen, at overskotsmatjord skal flyttast og nyttast andre stadar til jordbruksføremål. Matjorda skal og nyttast så nært som mogleg.»

Noko av massane som vert tilført vil være god matjord, medan andre delar vil være myrjord og anna. Ansvarleg utførande skal syte for at det kun vært nytta reine massar i planeringsarbeidet. Det er svært gunstig miljøreknskap med så kortreiste massar som mogeleg.


Eksisterande jordmassar innanfor tiltaksområdet som er egna som topplag (a-sjikt) vil takast vare på og nyttast ved ferdigstilling av området.

### 1.3 Utføring/metode


Det er planlagt å frakte massane direkte frå Espevoll Næringsområde til planeringsfelta. Næringsområdet grenser til det aktuelle området så ein kan unngå transport på offentlig vegnett. Det vil verte laga midlertidige anleggsveggar for å frakte massane fram.

I anleggsfasen vil ein ha fokus på avrenning og gjennomføre tiltak for å reinse overvatn. Eit viktig prinsipp er å spare på eksisterande vegetasjon som vil reinse overvatnet når det renner igjennom. Det kan også være aktuelt å etablere sedimenteringsgroper og avskjerande grøfter.

For å få mest mogeleg brukbart areal innanfor planeringsfelta med stigningsforhold på maksimalt 1:6 er det planlagt skråningar i avslutninga mot vest. Desse skråningane er tenkt utført med sprengstein og vil halde jordmassane stabile. Skråning på GBnr. 42/3 har mindre fyllingshøgde og det er difor valgt eit stigningsforhold på 1,5:1. Skråning på GBnr. 42/1 har større fyllingshøgde og meir massar å halde på. Det er difor tenkt eit stigningsforhold på 1:1,5. Sjå vedlagt illustrasjonar.



Figur 3: Typisk avslutning GBnr 42/1



Figur 4: Typisk avslutning GBnr 42/3

## 2.0 Skildring av området

Området rundt planeringsfeltet består av fleire gårder med både fylldyrka mark, beiteareal og skogareal. Planeringsområdet er i hovudsak småkuppert og eignar seg dårleg for moderne landbruk.

### 2.1 Reguleringsstatus

Området er i kommuneplanen regulert som LNFR areal. Føremålet med tiltaket er i så måte i tråd med planen.

Delar av tiltaket inngår i omsynssone for naturmiljø med hensikt å sikre uheldig påvirkning av Loneelva.

### 2.2 Kulturminne

Området er kontrollert for kulturminner i database [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no) og [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no) utan nokon funn.

### 2.3 Natur og dyreliv

Det er undersøkt om det finns trua arter i planeringsområdet ved å bruke databasen [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Det er ikkje funnet trua arter i planeringsområdet.



Dei nermaste observasjonane av trua arter er markert på kart under.

Bilete er henta frå [www.artskart.artsdatabanken.no](http://www.artskart.artsdatabanken.no)

Grønnfink: Sårbar

Åkerrikse: Kritisk truet

Heilo: Nær truet


Figur 5: Kartgrunnlag frå artsdatabanken

## 2.4 Vassvegar


På grunn av at planeringsfeltet er planlagt langs ein åsrygg vil nedslagsfeltet i hovedsak være likt arealet til tiltaket. For å sikre god avrenning er planeringsfeltet planlagt med overhøgde, sjå tilhøyrande profilar. Utformingen er også valgt av estetiske hensyn for å passe godt inn i landskapet.

Vassvegane vil stort sett være dei same som før tiltaket, ein vil i samband med tiltaket sikre at avrenning frå planeringsfeltet ikkje har ei negativ innverknad på tilgrensande bustadar, vegar og anna infrastruktur. Det vil vurderast å utføra tiltak fortløpande for å ta hand om overvatn.

Figur 6 og 7 viser ei framstilling av vassvegane før tiltaket og etter tiltaket.



Figur 7: Vassvegar før tiltaket



Figur 6: Vassvegar etter tiltaket